

# PROTOKOLL

## MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 6.5.2020 kl.17.30-18.30

Tilstades: Einar Brattegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbrøen, Anne Kjersti Frøyen, Else Karin Veslegard, Torfinn Slåtto, Vigdis Moen Storhaug, Arild Ø Hansen, Kjellfred Dekko (sak 20/20), Sveinung Hansen (sak 20/20)

Opning: Liv Margit – Tung tids tale

Saksnr.		Ansvar
19/20	<b>Godkjenning av innkalling og protokoll</b> Ingen merknadar til innkalling eller protokoll.	
20/20	<b>Bruk av kyrkja – gudstenester, «open kyrkje»</b> Kirkerådet har arbeidd med ein vegleiar for samlingar i kyrkjene. Vegleiar for trusopplæring er truleg klar i løpet av veka. Sveinung orienterte om det innhaldet som no er klart. Det blir m.a. eit tak på 50 personar totalt. Soknerådet skal vedta tidspunkt for oppstart av gudstenester. På grunn av m.a. varslingsfristar er første moglege dag for gudsteneste torsdag 21.mai. Kjellfred orienterte om innspel frå staben etter eit møte 7.mai. Soknerådet støttar desse innspela og gjer slikt vedtak: <ul style="list-style-type: none"><li>• Første gudstenester blir 1.pinsedag 31.mai kl 1000 i Ål og kl 1200 i Leveld.</li><li>• Gudstenester i Vats fjellkyrkje og Torpo stavkyrkje blir halde i soknekyrkjene. Olsokmessa i Nystøylkyrkja bør haldast ute og ha værforbehold.</li><li>• Det skal leggjast til rette for open kyrkje på onsdagar med føreskrive smittevern.</li><li>• Det blir lagt opp til å nytte salmebøkene og at brukte bøker står i karantene minst ei veke.</li></ul>	<b>Staben</b>
21/20	<b>Gudstenesteplan sept-des 2020</b> Planen blir tatt opp til vedtak i junimøtet. Konf.gudstenestene er sett opp i september (6., 13., 20.). Staben ynskjer at konfirmantpresentasjonar av nye konfirmantar blir på kvelden same dag som konf.gudsteneste. Det er forslag om at gudstenesta i Vats fjellkyrkje på juleeftan blir flytta til kl 1300. Og at gudstenestene i Leveld blir kl 1430 og 1600. Else Karin og Torfinn forhøyrer seg litt i soknet før møtet i juni.	<b>Vigdis M S</b>  <b>Else Karin, Torfinn</b>
22/20	<b>BUK 2020</b> Trusopplæringsutvalet ynskjer at BUK blir gjennomført som dagsarrangement den 22.juni og at dette blir gjort i samsvar med retningslinene frå skulen. Soknerådet støttar opp om dette. Det blir ikkje deltakaravgift dette året.	<b>Staben</b>
23/20	<b>Reduksjon av konfirmantavgift</b> Det blir ikkje konfirmantweekend til hausten men det blir i staden arbeidd med ein aktivitetsdag på Ål. Konfirmantavgifta bør difor reduserast vesentleg for 2020/2021.	<b>Fellesrådet</b>
24/20	<b>Meldingar</b> <ul style="list-style-type: none"><li>a) AU hadde telefonmøte 01.04.20 og gjorde slikt vedtak: Det blir ikkje utført ringing frå kyrkjene på laurdagar Det blir ringt inn til høgtid frå soknekyrkjene som vanleg påskeeftan som vanleg. Det blir og ringt frå soknekyrkjene søndag 1. påskedag kl 1000. Det blir ikkje lagt til rette for arrangement som «open kyrkje» før påske eller i påskehøgtida.</li><li>b) Ål hadde dugnad på kyrkjegarden torsdag 23.04 og Torpo laurdag 25.04.</li><li>c) Samling for 50-årskonfirmantar er utsett på ubestemt tid.</li></ul>	
Neste møte: ons 10.juni 2020 kl 1730		Opning: Arild Ø Hansen
Skrivar: Torfinn Slåtto		